

Til rekvirentar som sender prøver på genital klamydia til Avdeling for mikrobiologi,
Seksjon Ålesund.

Flytting av analyse, nytt prøvetakingsutstyr og nytt analysetilbod

Frå og med 1. januar 2015 vil all genteknologisk diagnostikk (PCR) av *Chlamydia trachomatis* og *Neisseria gonorrhoeae* ved Avdeling for medisinsk mikrobiologi (AMM) bli utført kun ved Seksjon Molde. Dyrkning av gonokokkar vil som framleis bli utført også ved Seksjon Ålesund.

Vi ber om at prøver til PCR-analysene vert sendt **direkte** til AMM, Seksjon Molde, frå den dag de mottek nytt prøvetakingsutstyr – tilsendt frå Ålesund sjukehus ved bestilling f.o.m. 1. oktober.

Analysene for klamydia og gonoreé er ei kombinert analyse.

Mycoplasma genitalium kan også undersøkast frå same prøve. *Mycoplasma genitalium* vil verta undersøkt berre på prøver frå pasientar med symptom - og asymptomatiske dersom partner har fått påvist infeksjon - eller før abortinngrep.

Rettleiing for prøvetaking følgjer vedlagt.

Molde 1. oktober 2014

Med venleg helsing

Einar Nilsen
Medisinskfagleg rådgivar

Merete Hagbø
Avdelingssjef

Solvor Solgaard
Seksjonsleiar, Seksjon Ålesund
E-mail: solvor.solgaard@helse-mr.no
Telefonnr.: 70 10 50 57

Signe Linda Håseth
Seksjonsleiar, Seksjon Molde
E-mail: signe.linda.haseth@helse-mr.no
Telefonnr.: 71 12 21 17

1. oktober 2014

Nytt prøvetakingsutstyr til chlamydiaundersøkelse (& *Neisseria gonorrhoeae* og *Mycoplasma genitalium*.)

Kast gamle prøvetakingssett.

Frå menn ønskjer vi urinprøve. Uretraprøver *utgår* som aktuelt prøvemateriale ved screening for alle desse 3 agens. For dyrkning og resistensbestemmelse av gonokokkar treng vi framleis urethraprøve (eswab), men dette vert berre gjort etter positiv screening (PCR) på urinprøve.






Frå kvinner ønskjer vi cervixpensel (sjå rettleiing under), urinprøve eller vaginalpensel (teken av pasienten sjølv).

Som før ønskjer vi **første** urinporasjon. Urinen bør ha stått minst ein time i urinblæra før prøvetaking. Urinen skal over på sendeglaslet med ein gong. Sjå instruksjon på urin-prøvetakingssettet.

Pinnen skal ikkje vøstast før prøvetaking.

Med det nye prøvetakingssettet skal **pinnen knekkast av og sendast med** til laboratoriet. (Prøvesett for pensel viser kun instruksjon for sjølvtest (vaginalprøve)).

WARNING: DO NOT PRE-WET SWAB IN cobas® PCR MEDIA BEFORE COLLECTION!

<p>1</p>  <p>1. CLEAN: Using one of the swabs (provided), remove excess mucus from the cervical os and surrounding mucosa. Discard the swab after use. NOTE: Cleaning excess mucus from the cervical os is required to assure an adequate sample is obtained for processing. A large-tipped cleaning swab, such as Puritan 25-808 1PR (not provided) can be used.</p>	<p>2</p>  <p>2. COLLECT: To collect the specimen, insert the other provided swab into the endocervical canal. Gently rotate the swab 5 times in one direction in the endocervical canal. Do not over-rotate. Carefully withdraw the swab, avoiding any contact with the vaginal mucosa.</p>	<p>3</p>  <p>3. ALIGN: Remove the cap from the cobas® PCR Media tube and lower the swab specimen into the tube until the visible dark line on the swab shaft is aligned with the tube rim. The tip of the swab should be just above the media surface near the hexagonal Roche logo.</p>	<p>4</p>  <p>4. BREAK: Carefully leverage the swab against the tube rim to break the swab shaft at the dark line; discard the top portion of the swab.</p>	<p>5</p>  <p>5. CLOSE: Tightly re-cap the cobas® PCR Media tube. The specimen is now ready for transport.</p>
---	--	---	---	--